



**MØTEBOK**  
**Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd**  
**Stad: Hardangerrådet Kinsarvik**  
**Den 08.11.13**  
**Kl. 10.00-13.30**

**Til stades:**

Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Vetle Nordstrand
Odda kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Sigrid Valle
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Nils Michauk
Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Otto Galtung
Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Magnus Torvik
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsrepresentant Adelen Sverdrup Aarsand
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Aleksander Kalsaas
Hardangerrådet:	Konsulent Trude Lægreid Rinaldo

**Kommune kontaktar:**

Ulvik herad:	Ingvild Winters
Granvin herad:	Siri Stuve
Eidfjord kommune:	Bergljot Marie Veivåg
Kvam herad :	Siriann Lillevik

Agenda:	
1000-1100	Inspirasjon ved Dagleg leiar Hardangerrådet Leiv Vambheim
1100-1330	HU rådsmøte

**Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.**

**Til sakshandsaming i ungdomsrådet:**

**HU-Sak 19/13**                      **Presentasjon frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd og saker dei arbeider med.**

**Granvin:** Skal ha LAN i morgon. Har arbeida med KIDD midlane og kollektivtransporttilbodet i kommunen. Dei har starta volleyballag.

**Ullensvang:** I Ullensvang arbeider de med FJorda LAN og 16. mai arrangementet. Fleirbrukshallen som dei har arbeidd mykje med er dei no i gang med å byggja i Kinsarvik.

**Odda:** I kveld er det stor konsert som heiter Krusningar som ungdomsrådet har arbeidd med. Skal arrangera for ungdom, men veit ikkje om det vert møte eller konsert. Tenker på åpent møte i januar 2014.

**Eidfjord:** I Eidfjord arbeider dei med eit Skur/ Møteplass for ungdom og

**Jondal:** Skal delta på budsjettmøte på torsdag.

**Kvam:** Ungdomskontakt er eit vanskeleg tema i Kvam, kven som skal ha oppgåva . det har vore ein del «kjedeleg» arbeid med reguleringsplanar for Kvam. Er endå ikkje konstituert for neste periode.

**Ulvik:** I Ulvik arbeider ungdomsrådet med å få større lokale til sin ungdomsklubb. Dei arbeider også for å få Paintaball klubb og bane. Har arrangert strandfest, og er med å arrangera jolaball og nyttårsball.

### **HU-Sak 20/13           Konstituering**

Val av Leiar vart Otto Galtung. Einaste forslag og einstemmig vedteken.

Val av nestleiar vart Magnus Torvik. Einaste forslag og einstemmig vedteken.

**Vedtak:**

Leiar :                       Otto Galtung, Jondal ungdomsråd

Nestleiar :                Magnus Torvik, Kvam ungdomsråd

### **HU-Sak 21/13           Møteplan 2013/2014**

**Vedtak :**

## **MØTEPLAN 2013/14**

2010/2011	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
<b>Hardanger Ungdomsråd</b>			<b>Fredag 8.11.13 Konstituering Ullensvang</b>	<b>Torsdag 12.12.13  Odda</b>		<b>Torsdag 13.  Ulvik</b>	<b>Torsdag 13.  Eidfjord Årsmøte</b>		<b>Torsdag 15.  Ullensvang</b>	
Hardanger rådet	Torsdag 12.9.13  Odda	Torsdag 10.10.13  Kvam	Torsdag 7.11.13  Jondal	Fredag 13.12.13  Odda	Torsdag 23.  Kvam	Torsdag 13.  Ulvik	Torsdag 13.  Eidfjord Årsmøte	Torsdag 24.  Granvin	Torsdag 15.  Ullensvang	Torsdag 19.  Jondal
Andre aktivitetar			Hardanger Konferanse 13.-14.11.13  Kvam		<i>Harding Ting 23.01.14  Kvam</i>		Hardanger I 100 22.03.14  Oslo			

### **HU-Sak 22/13           Presentasjon av Hardanger Ungdomsråd, litt historie**

Otto fortalde litt om det arbeidet HU har gjort av aktivitetar og prosjekt, saker ein har drøfta. Ønskjer oppfølging av å få Ungdomsråd lovfesta.

**Vedtak:**

Skriva brev til Fylkeskommune og Skyss og takka for det gode samarbeidet og at dei er så lydhøyre. Samstundes invitera til nytt møte for å diskutera og halda seg informert om ruteplanar i framtida for Hardanger.

### **HU-Sak 23/13           Hardanger Ungdomsråd i framtida.**

**Vedtak:**

HU tek til etterretting dei endringar som er framlagt og rettar seg etter det. Heile rådet ser dette som teneleg.

HU vil arbeida med Hardangerkonferansen 2014 og ønskjer fokus på Ungdom. Vil på neste møte arbeida vidare med forlag om aktuelle tema og eller ønskjemål for konferansen.

### **Orienteringssaker teke opp på møtet**

Ein runde i kommunane på kva kontakt det er mellom ungdomsråda, ordføraren og kommunen.

**KVAM:** Har ikkje så god kontakt og oppfølging som ønskjeleg. Det er i heradstyre vedtak på at nokon skal arbeida med dei, men det fungerer ikkje i praksis. Rådet er endå ikkje konstituert

**ULVIK:** Ordførar er svært positiv og open, høyrer på ungdomen. Ordføraren deltek ofte på møta, når han kan.

**GRANVIN:** Har god kontakt med kommune og ordføraren. Dei deltek på møta på forespørsel.

**ULLENSVANG :** God kontakt. Ordføraren er alltid på møta.

**ODDA:** God kontakt med kommunen. Ordførar ikkje til stades på møta, men har hatt Besøk av oppvekstsjef.

**EIDFJORD:** Ordførar alltid tilstades. God kontakt og vert høyrde av kommunen.

**JONDAL:** Ass rådmann ungdomskontakt, gjer at fokus på ungdom ikkje alltid er enkelt. Kultureining er ikkje litt ned om dagen. God kontakt med ordførar, som kjem på forespørsel. Ungdomsrådet får alltid presentera seg for heile kommunestyre etter at dei er konstituert.

Spørsmål?

Kan HU arbeida for like «retningslinjer» for dei ulike ungdomsråda i Hardanger. Kan gjera arbeidet betre for alle.

#### **Vedtak:**

HU arbeider fram forslag til like «retningslinjer» for dei ulike ungdomsråda i Hardanger. Sak på neste rådsmøte.

Alle Ungdomsråda skal senda inn til Hardangerrådet sine vedtekter, kva dei gjer og korleis dei organiserer arbeidet sitt.

Ein runde i kommunane på korleis stå er vedrørende ungdomsklubb.

**JONDAL:** 2 klubbar. Ein overteken av ungdomslaget på Jonsvoll med lokalar. Ungdomsrådet driv den. Den andre» Stikk innom» er på bedehuset.

**EIDFJORD :** Klubb onsdag, og annankvar fredag. Klubben er kommunal. I ungdomsrådsrepresentant hjelper til kvar gong. ! allmøte der alle er invitert til å avgjera kva ein gjer i klubben. ! åpent hus som er i regi av Eidfjord Ungdomsråd. Kommunal klubb.

**ODDA:** Klubb onsdag og tysdagar. Ungdomen klagar av dårleg tilbod, men nyttar ikkje dette tilbodet. Det er dumt. Kommunal klubb.

**ULLENSVANG:** Klubb kvar onsdag. Kommunalt dreve. Samarbeider med biblioteket.

**GRANVIN:** Eige rom på biblioteket som er klubb. Onsdagar. Kommunal drift.

**ULVIK:** Eige lite lokale. Åpent ev og til. Skal få faste dagar. Kommunalt dreve. Ungdomsrådet styrer.

**KVAM:** Ungdomsbasen er eit populært tilbod, der ein også kan ha private samtalar med utekontakten. Masse spel tilgjengelege. Har Arrangementskveldar. Kan laga mat sjølv.

Til slutt litt informasjon om UFU, de mange frå Hardanger er aktive

Møteboka 08.11.13 i Hardanger Ungdomsråd er godkjent og signert av:

Ungdomsrådsleiar .....

Ungdomsrådsleiar .....